

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 22.10.2008  
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 04.10.08 - 23.10.08**

**Styresak 103/08 O**

**Styremøte 05.11. 2008**

**Administrerande direktør si orientering pkt 7**

## Oversikt over aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 04.10.08 – 23.10.08

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova).	17.10.08	<p>Ny offentleglov med forskrift tek til å gjelde frå 1. januar 2009. Den nye offentleglova styrkjer retten til innsyn i offentleg verksemd i vesentleg grad i høve til dagens lov.</p> <p>Høve til å gjere unntak frå innsyn blir mindre ved at unntaksvilkåra blir strengare, og det kan krevjast innsyn i fleire former for informasjon enn etter gjeldande lov.</p> <p>Under saksbehandlinga av innsynskrav får dei som krev innsyn no ei sterkare stilling, mellom anna ved at plikta til å gi grunngeving ved avslag på krav om innsyn blir styrka.</p>

## Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 04.10.08 – 23.10.08

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift til offentleglova (offentlegforskrifta)	17.10.08	<p>Jf ovanfor om ny offentleglov.</p> <p>Offentlegforskrifta inneheld mellom anna nærare føresegner om avgrensinga av verkeområdet til lova i høve til sjølvstendige rettssubjekt, reglar om høve til å ta betaling for innsyn, reglar som presiserar innsynsretten og retten til kopiar.</p>

## Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 04.10.08 – 23.10.08

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Det ligg ikkje føre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden.		